



# Lov for Hordaland Ungdomslag

## § 1 Føremålet

1. Hordaland Ungdomslag skal arbeida for å styrkja den frilynde ungdomsrørsla i Hordaland i samsvar med føremålet og prinsippprogrammet til Noregs Ungdomslag.
2. Hordaland Ungdomslag skal vera eit fast bindelekk mellom ungdomslaga og mellom ungdomslaga og Noregs Ungdomslag. Særleg skal fylkeslaget ha ansvar for å fremje sams kulturelle og økonomiske føremål, skipa nye lag og koma med nye tilbod til ungdom gjennom ungdomslaga.

## § 2 Medlemskap

1. Hordaland Ungdomslag er med i Noregs Ungdomslag og godkjenner lovane og føresegnene til landslaget. Alle ungdomslaga og andre lag i Hordaland som vil arbeida i samsvar med føremålet til Noregs Ungdomslag og som har lover som er godkjend av fylkeslaget, kan verta med i Hordaland Ungdomslag.
2. Hordaland Ungdomslag kan ta opp einskilde medlemmar beinveges der det ikkje er lag i Hordaland Ungdomslag.

## § 3 Årspengar

1. Medlemmane i ungdomslaga og beinveges innmelde medlemmar skal betala til Noregs Ungdomslag dei årspengane som er vedteke på årsmøta i Hordaland Ungdomslag og Noregs Ungdomslag.

## § 4 Årsmelding

1. Arbeidet i Hordaland Ungdomslag og i lokallaga skal fylgja kalenderåret.
2. Ungdomslaga sender årsmelding til fylkeslaget og til Noregs Ungdomslag innan 15. februar.
3. Fylkeslaget sender årsmelding til Noregs Ungdomslag innan 1. april.

## § 5 Årsmøtet

1. Årsmøtet skal haldast kvart år innan 25 mars. Omfram årsmøte skal haldast når årsmøtet, styret eller 1/3 av alle ungdomslaga krev det.
2. Lokallaga som hadde inntil 50 medlemmar i meldingsåret har rett til 2 utsendingar til årsmøtet. Deretter 1 utsending for kvar påbyrja 50. medlem. Ikkje noko lag kan ha meir 5 utsendingar.
3. Lokallaga som har sendt årsmelding og har betalt årspengar, har rett på utsendingar.
4. Utsendingar frå lokallaga skal veljast på årsmøtet eller eit lagsmøte.
5. Årsmøtet vel leiar, 2 faste styremedlemar og 3 varamedlemer til styret, 2 ettersynsfolk og dei nemndene som til ei kvar tid er naudsynte. Ein representant frå kvar nemnd skal samstundes vera medlem av styret. Leiaren vert vald serskild for eit år om gongen, dei to faste styremedlemene vert valde for 2 år om gongen, slik at ein står på val kvart år. Varamedlemene vert valde for eit år om gongen. Leiaren og dei to faste styremedlemene utgjør AU.
6. Årsmøtet vel utsendingar til årsmøtet i Noregs Ungdomslag.



7. Årsmøtet skal ta stode til årsmelding, revidert rekneskap, arbeidsprogram, budsjett og andre saker som styret legg fram.
8. Innkalling til årsmøtet skal sendast ut minst ein måned føreåt saman med sakliste. Saker einkvan vil ha med på saklista til årsmøte må vera styret i hende innan 1. februar.
9. Røysterett har styret i fylkeslaget, og utsendingar frå lokallaga når dei har betalt årspengane for meldingsåret. Talerett, men ikkje røysterett har ein av frå kvar av dei årsmøtevalde nemndene .

For val og vedtak gjeld dei same reglane som for årsmøtet i Noregs Ungdomslag

#### § 6 Arbeidet til styret

1. Styret vel seg imellom nestleiar, skrivar, kasserar og tilset dei tenestefolk årsmøtet har gjort vedtak om. Styret fastset løner og arbeidsvilkår for tilsette.
2. Styret leier arbeidet i fylkeslaget. Det har og ansvar for arbeidet i valnemnder og andre nemnder .
3. Styret rår over eiga, og skal driva laget på ein økonomisk forsvarleg måte i samsvar med budsjettet.
4. Styret skal godkjenna lovene til lokallaga.
5. Styret, ved underskriftene til leiaren og eit styremedlem eller ein tilsett, bind fylkeslaget i økonomiske saker.
6. Styret er vedtaksført når minst 3 styremedlemmar er tilstades, mellom desse må vera leiaren, eller nestleieren når leiaren har forfall. Står røystene likt, er røysta til leiaren avgjerande. Styret skal føra vedtaksprotokoll.

#### § 7 Trygging av eiga

1. Dersom Hordaland Ungdomslag vert lagd ned eller endrar føremål så det ikkje lengre kan stå i Noregs Ungdomslag, skal styret i Noregs Ungdomslag ta vare å eiga til fylkeslaget. Går det 15 år frå eiga er overteken og fylkeslaget ikkje er komen i gang att, eller det ikkje er skipa nytt godkjend fylkeslag, går eiga til Noregs Ungdomslag.
2. Hordaland Ungdomslag skal ta vare på eiga til lokallaga som vert lagde ned eller skiftar føremål så dei ikkje lengre kan vera med i fylkeslaget. Dersom laget ikkje komen i gang att innan 15 år, eller det ikkje er skipa nytt godkjend lag på staden, skal eiga nyttast på den måten som er fastsett i lova til laget. Dersom lagslova ikkje seier noko om dette, skal eiga nyttast til beste for ungdomsarbeidet på staden. Fylkeslaget tek avgjerd om måten eiga skal nyttast på i samråd med lokale styresmakter.
3. Lova til Noregs Ungdomslag gjeld når ein skal avgjerda om eit lag er lagd ned eller har skifta øremål.
4. Kostnadane med styringa av eiga skal berast av eiga.
5. Ungdomshus, anna fast lagseige og lutar i fast eigeendom kan ikkje avhendast utan samtykke frå styret i Noregs Ungdomslag. Det same gjeld bortleige på åremål av ungdomshus og anna fast lagseige.

#### § 8 «Hardangerjol»

1. Styret i fylkeslaget er ansvarleg utgjevar av joleheftet Hardangerjol. Joleheftet skal vera eit ungdomslagsblad. Årsmøtet vel eit skriftstyre med leiar, fire medlemmer og 1 varamedlem til. Det vert ført eige rekneskap. Førebels rekneskap for meldingsåret vert lagt fram årsmøtet, revidert rekneskap vert lagt fram for årsmøtet året etter.



2. Reservekapital/driftskapital bygd opp gjennom mange driftsår skal stå som kapital som sikrar drift av joleheftet. Eventuell overføring av driftsoverskot til fylkeslaget det einkilde driftsåret, kan berre skje dersom reservekapital/driftskapital overstig produksjonskostnadane til joleheftet.
3. Ved eventuell nedlegging av Hardangerjol skal 50 % av eiga, etter at all gjeld er betalt, delast likt mellom ungdomslaga i "gamle" Hardanger Ungdomslag som framleis er medlem i Noregs Ungdomslag. Resten skal gå til fylkeslaget

### § 9 Lover og føresegner

1. Lover og føresegner for Noregs Ungdomslag som omhandlar tilhøve i fylkeslag eller organisasjonen generelt gjeld for Hordaland Ungdomslag.
2. Framlegg til lovending må kunngjerast for lokallaga minst 1 måned før årsmøtet. Årsmøtet kan då vedta framlegget med 2/3 røystefleirtal.
3. Endring av lova må godkjennast av styret i Noregs Ungdomslag.

## **Styringsføresegner for styret**

1. Hordaland Ungdomslag er fylkeslag i Noregs Ungdomslag. Laget eig luter i desse samskipnadene:
  - o Det Norske Teateret
  - o Norsk Bokreiingslag
  - o Hordaland Teater
  - o Dag og Tid

Og er dessutan med i desse organisasjonane:

- o SN-sambandet vestlandsavdelinga
- o Venner av det Norske Teateret
- o Norske 4H
- o Hardanger Folkemusikklag
- o Hordaland Fylkesopplysningsråd og Folkeakademi
- o Voksenopplæringsforbundet i Hordaland
- o Norsk amatørteaterråd sitt fylkesråd
- o Hordaland barne- og ungdomsråd

Årsmøte kan melda fylkeslaget ut av desse samskipnadene med vanleg fleirtal, og inn i andre med vanleg fleirtal. Innmeldinga må godkjennast av styret i Noregs Ungdomslag.

2. Styret i fylkeslaget tek opp nye lag og godkjenner lover og lovendingar. Når styret har teke opp eit lag som medlem, pliktar laget i betala dei årspengane til Hordaland Ungdomslag og Noregs Ungdomslag som årsmøtet i samskipnaden har fastsett. Dersom eit lag ikkje har sendt årsmelding og årspengar på 3 år, skal dei ikkje takast med i medlemslista. Styret i fylkeslaget avgjer kva som skal gjerast med eiga til laget i samsvar med lov for Hordaland ungdomslag §7, punkt 2.



3. Til å stå for særgreinsarbeidet i fylkeslaget vel årsmøtet i Hordaland ungdomslag teaternemnd, leiknemnd, barne- og ungdomsnemnd og bunadnemnd. Kvar nemnd skal vera på 3 medlemar og 1 varamedlem. Årsmøtet vel leiar i nemnda og valet gjeld for 1 år om gongen. Ein representant frå kvar nemnd er samstundes medlem av styret. Dei andre medlemene i nemndene vert valde for 2 år om gongen, slik at ein av dei to står på val kvart år. Varamedlemene vert valde for 1 år om gongen.

For 2 år om gongen vel årsmøtet

- 2 ettersynsfolk. Ein på val kvart år.
- 2 medlemmer til Hardanger folkemusikksamling. Ein på val kvart år.

HU skal ha ei valnemnd på 2 medlemmer og leiar. Kvart år vel årsmøtet ein medlem i valnemnda for tre år. Denne skal så langt det let seg gjera vera frå ein annan krins enn dei som sit i nemnda.

For å få denne ordninga i gong, vert det i 2012 valt 3 medlemmer, for eitt, to og tre år. Kvart påføljande år vert det vald ein person for 3 år. Den som vart leiar 1. året går ut, og den som vart vald for 2 år rykkjer opp som leiar. Til sist er det den som har sete lengst som til ei kvar tid rykkjer opp som leiar.

- Medlemene i valnemnda skal vera frå 3 av krinsane (Sunnhordland, Indre Hardanger, Hardanger/Midthordland, Bjørgvin, Nordhordland og Voss). Verva i valnemnda skal rullerast mellom krinsane slik at alle krinsane vert representert i løpet av 3 år.

Årsmøtet skal velja møtestyrar, møteskrivar, teljekorps og 2 til å skriva under årsmøteprotokollen. Likeins skal det veljast utsendingar med varamedlemar til årsmøte i Noregs Ungdomslag.

4. Styret tilset dei tenestefolka årsmøtet har gjort vedtak om. Styret rår over eiga til laget. Løyvingar til større og/eller nye tiltak skal leggjast fram for årsmøtet til avgjerd. Rekneskapen skal gjerast ferdig så tidleg at ettersynsfolka får høve til eit fullgodt ettersyn. Styret skal føra møtebok og senda årsmelding og utdrag av rekneskapen til lokallaga før årsmøtet.
5. Styret vel utsendingar til årsmøta i dei lagsbruk laget har luter i, og utsendingar til årsmøta i dei samskipnader fylkeslaget er med i. Desse må veljast innan 1. september i samråd med nemndene der dette høver. Utsendingane sender møtereferat til styret. Styret skal skipa til lagsleiarmøte i valkrinsane. Leiaren i valnemnda har ansvaret for at valnemnda kjem i arbeid. Valnemnda skal seinast 1. november senda eit oversyn til alle lag over dei tillitsfolka som årsmøtet skal velje, med oversyn over kven som er på val og kven som ikkje er på val. Styret kallar saman dei tillitsfolka årsmøtet har vald til eit sammøte vår og haust.
6. Valnemnda skal koma med framlegg på kandidatar til dei tillitsverv som står på val. Framlegget skal prentast og leggjast ved årsmøtepapira.
7. Lov for Hordaland Ungdomslag og styreføresegner for Hordaland Ungdomslag skal prentast i årsmeldinga.



Etter grunngjeve framlegg frå styret kan årsmøtet endra styringsføresegnene med vanleg fleirtal.

## Føresegner for nemndene

- Nemndene har ansvaret for gjennomføringa av arbeidsprogram og budsjett innafor dei rammene styret og årsmøtet gjev.
- Nemndene skal ha minst 4 møte i året. Innkalling og sakliste skal sendast ut minst 1 veke før møtet. Det skal førast referat, og utskrift av denne skal sendast leiaren i fylkeslaget.
- Fylkeslaget dekkjer attestert rekning på utgifter som medlemmene har hatt på reise og opphald i samband med tillitsvervet. einskildlaga vert, når det er einskildlaga som har bede om det, dekkja av einskildlaga.
- Nemndene skal til rett tid leggja fram årsmelding om sine arbeidsområde i fylkeslaget.
- Nemndsleiarane skal kallast inn til styremøta i fylkeslaget, når det er saker som vedkjem deira arbeidsfelt.

## Leiknemnda

1. Leiknemnda skal gje råd til styret i Hordaland Ungdomslag i alle saker som gjeld folkedans- og folkemusikkarbeidet. Nemnda skal koma med framlegg og planar og gje fråsegn om saker styret legg fram.
2. Leiknemnda har mellom anna desse oppgåvene:
  - Halda kontakt med leikleiarar/leik- og barnenemndene i einskildlaga og gje råd og rettleiing. Nemnda skal arbeida for at ungdomslaga får i gang folkedans- og folkemusikkarbeid både for born og vaksne.
  - Følgja opp tiltak frå sentralt hald og elles skaffa laga informasjon om folkedans-/ folkemusikkarbeid og barneaktivitetar.
  - Gje tilbod om opplæring og kurs i folkedans- og folkemusikkarbeid.

## Teaternemnda

1. Teaternemnda skal gje råd til styret i Hordaland Ungdomslag i alle saker som gjeld teaterarbeidet. Nemnda skal koma med framlegg og planar og gje fråsegn om saker styret legg fram.
2. Teaternemnda har m.a. desse oppgåvene:
  - Halda kontakt med teaterleiarar/teater- og barnenemndene i einskildlaga og gje råd og rettleiing. Nemnda skal arbeida for at ungdomslaga får i gang teater både for born og vaksne.
  - Følgja opp tiltak frå sentralt hald og elles skaffa laga informasjon om teaterarbeid og barneaktivitetar.
  - Gje tilbod om opplæring og kurs i teaterarbeid.



## Barne- og ungdomsnemnda.

1. Barne- og ungdomsnemnda skal gje råd til styret i Hordaland Ungdomslag i alle saker som gjeld barne og ungdom. Med barn og ungdom meinast alle medlemmar under 26 år. Nemnda skal koma med framlegg og planar og gje fråsegn om saker styret legg fram.
2. Barne- og ungdomsnemnda har m.a. desse oppgåvene:
  - Arbeide for at born og unge sjølv er med på å leggje premissane for eigne aktivitetar og får ta aktivt del i utforminga og arbeidet i organisasjonen.
  - Halda kontakt med einskildlag der barn- og unge er medlemmar. Nemnda skal arbeide for at ungdomslag får i gang aktivitetar for born og unge.
  - Følgja opp tiltak frå sentralt hald og elles skaffa laga informasjon om tiltak og aktivitetar for aldersgruppa.
  - Gje tilbod om opplæring og kurs i aktivitetar for born og unge, i tett samarbeid med andre nemnder

## Bunadnemnda

1. Bunadnemnda skal gje råd til styret i Hordaland Ungdomslag i alle saker som gjeld bunadsarbeid- og handverkstradisjonar. Nemnda skal koma med framlegg og planar og gje fråsegn om saker styret legg fram.
2. Bunadnemnda har m.a. desse oppgåvene:
  - Halda kontakt med bunadsleiarane, bunadsnemndene og bunadskontaktane i einskildlaga og gje råd og rettleiing. Nemnda skal arbeida for at bunadsarbeid og handverkstradisjonar vert halde i hevd.
  - Følgja opp tiltak frå sentralt hald og elles skaffa laga informasjon om bunadsarbeid og handverkstradisjonar.
  - Gje tilbod om opplæring og kurs i bunadsarbeid og handverkstradisjonar.

## Føresegner for skriftstyret til «Hardangerjol»

1. Styret i Hordaland Ungdomslag er hovudansvarleg for joleheftet «Hardangerjol». Årsmøtet vel eit skriftstyre på med leiar, 4 medlemmer og ein varamedlem til å stå for det praktiske arbeidet. Leiaren i skriftstyret vert innkalla til styremøte i saker som vedkjem Hardangerjol.
2. Skriftstyret skal samla stoff til "Hardangerjol", utforma bladet, skaffa lysingar, gjera avtale med trykkeri, sørgja for distribuering av bladet i samarbeid med lokallag, og sjå til at nødvendige tidsfristar for bladproduksjonen vert haldne.
3. Leiaren i skriftstyret vert vald på årsmøtet for 1 år i gongen. Medlemmane i skriftstyret vert valde for 2 år om gongen, slik at 2 av dei står på val kvart år. Varamedlemen vert vald for eit år om gongen.
4. Skriftstyret har møte så ofte leiaren finn det tenleg eller når 3 av medlemmane krev det. Det skal skrivast referat frå kvart møte.



5. Det vert ført eige rekneskap for joleheftet. Medlemene sine telefon- og reiseutgifter i samband med bladproduksjonen vert dekkja av driftskapitalen til joleheftet. Rekningane må attesterast av leiaren i skriftstyret.
6. Skriftstyret skal leggja fram årsmelding om drifta av joleheftet innan årsmøtet i fylkeslaget, og sørgja for at rekneskap blir ført og lagt fram for årsmøtet til førebels godkjenning.